



# NORSK SALMEBOK

Det har vore ei stor og viktig salmehelg med mange timar ved fjernsynsskjermer.  
Ei maratonsending som dette har ført til eit stort løft for Den norske kyrkja, norsk salmetradisjon og

**korsongen i landet.  
Heile 200 kor og songgrupper har vore medverkande.**

Det næraste vi i Uskedalen kjem ein tekstforfattar og omsetjar i salmeboka, er Tormod Vågen. Han var fødd i Uskedalen i 1903, døydd 1970, og er mest kjend frå arbeidet sitt som forkynnar og generalsekreter i Norsk Luthersk Misjonssamband.


I den nye salmeboka har han omsett to salmar:

Nr. 703: Å, for djup i Jesu kjærleik av Samuel T. Francis

Nr. 889: Eg er ein gjest i verda. Svensk tekst frå 1873

Når vi legg ut dette innlegget, er det vel 50 salmar att fram mot midnatt.

Salmen Eg er ein gjest i verda går på lufta om lag kl. 23.30 i kveld.



Tekst: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland